

Ark 1.

Johannes Bakken, Rogal. Forsand.

1: Det er ikkje kjennt her at kreturhandlarar, eller dei som kjøpte til eige bruk, betalte meir for ei ku, om ho hadde fått skav om vinteren. Men det er mykje rimeleg at dette var tilfelle sjølv om det ikkje plent vart sagt.

Som nemnt i svar nr. 26 har det vore kjennt - og er visseleg tilfelle óg - at kyrne, serleg ungdyr (mf.: jell-krettur) gjer mykje snarare godt av gras og beite, om dei har fått skav. Likeeins om dei får beit (mf.: beid) dvs. friskt, nyhogd bjørkeris som attåt- eller tilleggsfór.

Dette å finna beit til kyrne har då óg vore brukt her like til idag, truleg allerhelst fordi kretura har godt av det.

2: At skav skulde ha innverknad på sjølve kjøtet er ukjennt her. Lyng som hjelpefor set ikkje smak på mjølka. I lyngen er sjølvsagt sers mykje tre. Difor er det rimeleg at skav med tre vart rekna for det beste.

3: At skavmjelk dvs. mjelk frå kyr som har fått skav er fárleg for lam er heilt visst. Serleg for dei som er heilt unge eller nylende. (Mf.: eit lamm, ~~to~~lamm, dei lāmmå. Eit nylemtt lamm, to nylemnde lāmm) Skavmjelk vert sagt å vera rein gift for desse.

Vanleg kumjelk er óg fárleg for lam, om desse ikkje har fått rāmjelk frå mora -eller ein annan sau - fyrist.

Har dei fått denne er óg fāren mindre.

At kalvane ikkje skulde tola (mf.: tåra) morsmjølka, sjølv om det er skavmjølk, er ukjennt her.

Men geitemjølk er ikkje fárleg. Heller ikkje er det kjennt at skavmjølk er fárleg for kje. (Mf.: eit kje, to kje, dei kjeå. Eit nykjitt kje, to nykjidde kje.)

9640

Johannes Bakken, Rogal. Forsand.

4: Det var nok so ymse og ulikt med mengda av skav som vart brukt. Det mest vanlege var at kyrne fekk skav ein gong til dagen. Var det sers smått med høyet var det gjerne ein gong høy, ein gong skav og tredje gongen lyng, men dette kunde ikkje gå lenge.

5: Reidskapet som kallast skavl er vel kjend her, men har ganske visst ikkje vorte nytta til å skava skav med. Men er derimot sers hendig til skaving ved ymse slag trearbeid, men helst turrt tre. Då serleg til å skava tresko med, og spaskaft (mf.: spasji) og mangt anna. Til å gjera (laga) kjerald dvs. koller, bytter, stampar, ambrar kinner o. l. måtte skavlen vera sers laga for utholing av stavane til dessé.

(Mf.: ein skavl, den skavln. Nn.: Skavlen. Men i målføre her må denne siste e slett ikkje høyrast eller verta uttala.)

6: Sjå svarlista svar nr. 18.

Det eg kjenner til vart skavstauren brukar berre når dei skov.

Til å forma (runda) treband av bandstakar bøygde ein desse berre rundt (mf.: ronnt) kneet. (Mf.: Ein bannstagje - - dje, to bannstaga.

Ved laging av treskeier og auser o.l. brukar dei eit lite bitjarn (mf.: beedjeddn) i treskaft. Heile lengda var med skaftet oml. 15 - 20 sm. Siølve sjären var krøkt og oml. 4 sm. lang og 1 sm. breid.

7: Her veit me ikkje om at det er vorte leigd eller kjøpt skog til skavved, eller kjøpt rett til å hogga (finna) denne. Men eigendomsretten millom gardane har

Svar til Tilleggsliste til emne nr. 7. Skav.

Ark 2.

støtt vore mykje streng og påakta.

M.o.t. både skavved og lyng vart det rekna som simpel steling om ein tok dette utan å ha lov frå eigaren.

Men ofta vart det rekna som ei vanleg "grannabeina" å lata dei, som ikkje hadde, finna skavved hjå dei som hadde, når dei bad om det - utan betaling.

8: Det er rimeleg at ein gjorde det ~~me~~, når det høvde slik.

Ved skyldsetjingspapir 7 sept. 1841, når husmannspl.

Bakken vart kjøpt frå Songesand, står det skrive:

" - - Træernes skavning samt stølsbeitet bliver at benytte som forhen - -"

Dette "forhen" var ein avtale som ikkje var skrive noke om, og var slik at Bakken, som ligg 170 m. o. s. skulde finna skavved i Skurvedalen, der det er masse raun der Songesand åtte skogen. Songesand er sjøgard, og til vederlag eller byte skilde S. seg rett til å finna skavved i Roma-tonå ved sjøen der det vaks eik som Bakken åtte eller hadde hatt retten til. Dette var ein sers høveleg og praktisk ordning. Songesand kunde ro på sjøen oml. 2 km. og Bakken kunde gå eller bruka kjelke 1 - 1,5 km. i lagleg og flatt lende. S. hadde lite eller inkje skavved nær heime, og for B. vilde det vore sers slitsamt å kunna nyttja eika til skavved. Byte syner òg at både jordegande og husmenn måtte ha høve til å finna seg skavved. Avtalen om dette byte vart soleis gjord i tida da Bakken var husm.pl. under S. Kansje heilt frå Bakken vart rukt av Ole Andersson.

4

Svar til Tilleggsliste til emne nr. 7. Skav.

Ved Festeseddel frå 20 juni 1804, der Halvor Bakken tek over husmannsplassen Bakken under Songesand, etter far sin, Ole Andersen, står det skrive: " - -fornøden Brende til sin Huusholdning hvor det udviises ham i nærheden af Pladset og ej Gaarden til Fornermelse, - Videre Hugst eller Tiere Rødders Revning måe han ej foretage sig, uden Lejlendingens samtykke."

Her er soleis ikkje nemnt skavved, men samstundes eller seinare var det at avtalen vart omskriven som "som forhen" i 1841 når Halvor kjøpte "Pladset Bakken".

9: : Det me veit om er at bruka her har vore privat eigedom.

10: Husmennene hadde ikkje rett å finna skavved utan etter skriftleg eller munnleg avtale. Rett til skavved var vel på visse bruk jamnstellt med heie- eller markaslått. Rett til slått og lyngskjæring er omskrive i fleire gamle papir. Noke skriftleg om skavved har eg ikkje funne, anna enn det som er nemnt i svar nr. 8.

11: Ordet skavhella er ukjent her. Og har heller ikkje haurt om noe steinslag som kan vera det det her er spurt om.

12: Tru på eller om gardsnissen eller tuftekallen har ikkje nogen tradisjon her sovidt eg har haurt. I tilfelle måtte det då heller vera huldra (mf.: hollå), som sat heller fast hjå folket her, men har ikkje haurt at jo heller gjorde noke serleg med skavveden.